



Notat

Dato: 09.10.2015
Arkivsak: 2015/10346-2
Saksbehandlar: heilars

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Rapportering for bruk av kompetansemidlar i landbruket 2015

Bakgrunn

Fylkeskommunane fekk frå og med 2010 eit utvida ansvar for gjennomføring av landbrukspolitikken på regionalt nivå. Hordaland fylkeskommune blir invitert til å komme med innspel til jordbruksforhandlingane og får kvart år overført 1,2 millionar frå Landbruks- og mat departementet (LMD). Midlane er øyremerka rekruttering til landbruksnæringa, kompetansehevande tiltak for næringsutøvarar i landbruket og styrke rekruttering til naturbruk i den vidaregåande skolen.

Forventningar frå LMD

Det overordna målet for midlane er å bidra til rekruttering og kompetanseheving av næringsutøvarar som kan ivareta og styrke verdiskapinga i landbruket regionalt.

I tilskotsbrevet frå LMD legg departementet vekt på at fylkeskommunen sitt engasjement innanfor nærings- og samfunnsutvikling i landbruket må sjåast i samanheng med fylkeskommune sitt næringspolitiske arbeid, utdanningspolitiske arbeid og eigarskapet til Innovasjon Norge.

Departementet legger til grunn at fylkeskommunane fortsatt er aktive deltagarar i arbeidet med de regionale bygdeutviklingsprogramma for å bidra til gode koplinger mellom landbruk og anna regionalt utviklingsarbeid og regionale planstrategiar.

Vidare trekk departementet fram fylkeskommunane si viktige rolle som eigar av vidaregåande skuler med utdanningsprogram naturbruk.

LMD framhevar tre prioriterte områder for bruk av midlane. Det første er tiltak som kan styrke rekruttering til landbruksnæringa. Det andre er tiltak som bidreg til å styrke rekrutteringa til landbruks- og garnarutdanninga i programområde naturbruk i den vidaregåande skule, og til høgare utdanning i landbruksfag. Det siste er tilskot til kompetansehevande tiltak innafor tradisjonelt landbruk og bygdennæringar, og stønad til etter- og vidareutdanningstilbod for næringsutøvarar i landbruket.

Løyning som ikkje blir brukt kan ikkje nyttast innanfor andre sektorområder som fylkeskommunane har ansvar for, eller til generell drift av naturbrukslinjene i dei vidaregåande skulene.

Administrasjon av midlane i Hordaland fylkeskommune

Den endelege fordelinga er delegert frå fylkesutvalet til administrativt nivå i Hordaland fylkeskommune.

I sak 210/10 i fylkesutvalet 29.09.10 ble det gjort følgjande vedtak: "Fylkesutvalet delegerer forvaltninga av midlane til rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket for 2010 til administrativt nivå. Strategien for forvaltning av midlane frå og med 2011 vil bli lagt fram til politisk handsaming i løpet av hausten 2010."

'Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket i Hordaland for 2011-2015' (ofte forkorta RULL-strategien) vart vedteken i fylkesutvalet 10. november 2011 «*Hordaland fylkeskommune vedtek at "Strategi for forvaltning av midlar til rekruttering, utdanning og likestilling i landbruket i Hordaland 2011-2015" skal vere styringsdokument for landbrukssatsinga til Hordaland fylkeskommune på desse områda.*» Strategien tek opp i seg føringane frå LMD og seier at prosjekt som får midlar skal bidra til å auke rekrutteringa til utdanningsprogramma i naturbruk, rekruttere inn nye grupper til landbruket, betre omdøme til næringa, gjere landbruket til ei attraktiv næring for begge kjønn eller bidra til livslang læring for Hordalands bonden.

Midlane har søknadsfrist to gonger i året. Søknadene handsamas av ein komité samansett av representantar frå Hordaland fylkeskommune ved både regional- og opplæringsavdelinga, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde og Småbrukarlag, Innovasjon Noreg og Fylkesmannen i Hordaland. Dei leverar ei tilråding til Hordaland fylkeskommune ved Regionaldirektør på korleis midlane skal fordelast.

Hordaland fylkeskommune sender skriftleg rapport årleg til LMD om korleis midlane er brukt.

Desse har fått tilskot i 2015

Tabellen under syner kva for prosjekt som har fått stønad i 2015, kven som er ansvarleg for prosjektet og kor mykje dei har fått innvilga. Den totale tilsegnssummen er høgare enn 1,2 millionar fordi midlar frå tidlager år er tilbakeført.

Tittel på prosjekt	Søker	Innvilga
NLR Betre Botnline	Norsk Landbruksrådgiving Hordaland	25 000
Strategisk nærings- og produksjonsutvikling	Norsk Landbruksrådgiving Hordaland	60 000
Inføringskurs for nye bønder	Norsk Landbruksrådgiving Hordaland	50 000
Utvikling av pollineringsretta birøkt	Sogn Jord og Hagebruksskule - ressurssenteret	35 000
Kurs i parasittstrategi for sauebønder	SFLMK	15 000
Kompetanseprogram for nye/unge bønder	Vaksdal kommune	73 000
Grovfør i pluss, Nordhordaland, 2015	Norsk Landbruksrådgiving Hordaland	75 000
Mekanisering i småskala bærproduksjon	Norsk Landbruksrådgiving Hordaland	95 000
Agronomkurs for voksne. Vg3 2015-16	Stend vidaregåande skule	109 000
Agronomkurs for Voksne. Vg2 skoleåret 2015-16	Stend vidaregåande skule	110 000
Gartner deltid 2015	Hjeltnes vidaregåande skule	140 000
Søknad om RULL midler til prosjekt Vel Skog Vest 2	Skogselskapet i Rogaland	100 000
Bedre Bonde	Hordaland Bondelag	40 000
Unge/nye bønder 2015	Hordaland Bondelag	25 000
Nye bønder opplæringspakke	Meland kommune	10 000
Kurs for skjøtsel av kystlynghei	Meland kommune	12 000
Søknad om midlar til villsaukurs i Austrheim	Austrheim kommune	20 000
SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE TIL ØKOVEKA I BERGEN	Oikos Vest	20 000
Norske Fruktdagar 2016	Norsk Fruktrådgiving Hardanger	30 000
NLR Dynamisk Strategi	Norsk Landbruksrådgiving Hordaland	60 000
Hordaland Sau og geit	NyGiv i sauehaldet i Hordaland 2016	150 000
TOTALT		1 258 000